



Rogaland Bonde- og Småbrukarlag

- organisasjonen for alle bønder



***Samordnings-
regelen
må bort!***

ÅRSMELDING 2025

RUNDEVOLD

TRANSPORT



ALT INNEN

LANDBRUKSTRANSPORT

KONTAKT:
Tlf. 928 93 521
kai@rundevoldtransport.no
www.rundevoldtransport.no

Program årsmøte 2026


LØRDAG 7. MARS

- 10:30- 10:45 Velkommen
- 10:45– 12:00 Isabelle Hugøy
– Veien videre
for klimaavtalen:
utfordringer og
muligheter sett fra
norske gårdsbruk
- 12:00 – 12:45 Lunsj
- 12:45 – 13:00 Gjensidige avtalen
- 13:00 – 14:00 Rekruttering til land-
bruket – samarbeid
mellom landbruks-
skolene og NBS
- 14:00 – 15:00 Bedriftsbesøk
– Line Gard
- 15:30 – 17:00 Bedriftsbesøk
– Serigstad AS
- 17:30 Møtet slutt
- 19:00 Middag, sosialt sam-
vær, lotteri

SØNDAG 8. MARS

- 08:00 – 09:00 Frokost og utsjekk
- 09:00 – 09:30 Årsmøtetale
- 09:30 – 10:30 Sven Martin Håland
– Mulighetsrommet
for Rogaland
– Jordbruks-
forhandlingene 2026
- 10:30– 10:45 Kaffepause
- 10:45 – 12:00 Årsmøtesaker
- 12:00 – 13:00 Behandling av
innkomne forslag
Avslutning
- 13:00 Lunsj
Hjemreise

*Det tas forbehold om
endringer i programmet.*



@ROGALAND_BONDE_OG_SMABRUKARLAG



TikTok

Regionkontakter

DALANE

Svein Erik Ørslund
Tlf. 917 77 786
(Egersund, Bjerkreim)

ØYANE

Torbjørn Norland
Tlf: 970 35 255
(Forsand, Strand, Finnøy, Ombo)

RYFYLKE

Bjørn Tore Birkeland
971 41 395

JÆREN

Henning Furenes
Tlf. 958 91 406
(Randaberg, Jæren, Sandnes/ Gjesdal)

HAUGALANDET

Stig A. Helgesen
Tlf: 481 56 697



SI NEI TIL ACER
KRAFTA ER VÅR!

A stylized illustration of an industrial landscape with green hills, a red crane, and blue buildings. A large red circle with the text 'nei TIL EU' is overlaid on the right side of the illustration.

nei
TIL EU

Er du usamd i at Norge skal leggjast under EU-myndighet?
Vil du at Norge skal seia opp EØS-avtalen?
Meiner du at norske kvinner og menn skal vera herrar i eige hus?

BLI MED I NEI TIL EU

<https://neitileu.no/bli-medlem>

Medlemsskap fyrste år kr 230, deretter kr 495
Husstandsmedlem, fyrste år kr 175, deretter kr 300

Lokallagsleiarar 2025

HJELMELAND

Trond Melberg
4137 Årdal i Ryfylke
Epost: trond.melberg@online.no
Tlf: 958 03 906

EGERSUND

Svein Narve Veshovda
4372 Egersund
Epost: svein.narve.veshovda@dabb.no
Tlf: 913 12 164

BJERKREIM

Bjørn Tore Birkeland
4389 Vikeså
Epost: btbirkeland@gmail.com
Tlf: 971 41 395

INDRE RYFYLKE

Anders Johan Tysseland
4208 Saudasjøen
Epost: ajohan.tysseland@gmail.com
Tlf: 952 35 937

SANDNES OG JÆREN

Tom Ove Øksnevad
4353 Klepp Stasjon
Tlf: 901 95 894
Epost: tomoveoksnevad@gmail.com

STRAND OG FORSAND

Trond Norland
4120 Tau
Epost: tonorlan@hotmail.com
Tlf: 906 92 674

TYSVÆR OG BOKN

Nils Ivar Sundfør
5570 Aksdal
Epost: n_i-sundfoer@hotmail.com
Tlf: 971 06 014

KARMØY

Jarle Haaland
4262 Avaldsnes
Epost: jhaaland@haugnett.no
Tlf: 992 32 399



RYGR

ØKONOMI

FORNYE - FORENKLE - FORBEDRE

Alt innen landbruksøkonomi

Vi hjelper bonden med alt innen regnskap, lønn og rådgiving.

Hvorfor RYGR Økonomi?

- Driftsplan
- Nøkkeltallsanalyse
- Eierskifte
- Rådgiving

Våre landbruks-eksperter



Ståle Espevik
tlf. 47495275

Siv Flesjå
tlf. 41685246



www.rygrokonomi.no





Eldar M. Kylløs

Leiarenen har ordet

Me har lagt bak oss et krevjande landbruks år, og må dessverre konstatere at me framleis har ein stor jobb å gjere for å sikre bonden ei inntekt som kan samanliknast med andre grupper i samfunnet.

2025 er eit historisk år der me fekk landa ein ny berekningsmåte for å måle bondens inntekt. Dette vart vedtatt i Stortinget med 1 stemme i fleirtal. Når det nye talgrunnlaget inneheld 20% normering, og kapitalavkastning ikkje er medrekna, må me som næring akseptere at me aldri vil kunne tene det same som andre med denne reknemåten. Dette kan me ikkje akseptere og me må derfor fortsette kampen for ærlege tal og fullverdig jamstilling.

Når me legg til grunn stortingets mål om 50% sjølvforsyning basert på norske ressursar innan 2030 så forstår dei fleste at dette ikkje kan la seg gjere når tilskotsramma som skal til landbruk er satt og me på papiret er jamstilt. Her må me derfor fortsette kampen og stå på krava. For andre år på rad så må me konstatere at Staten satt NBS på gangen under jordbruksforhandlingane, fordi me ikkje fekk svar på korleis normeringa skulle følgje bondens inntekt for framtida, i prosent eller kroner. Dette var viktig å få avklart, men staten valte derfor å fortsette utan NBS.

Me har hatt eit aktivt år i RBS. Eg har vore rundt på mange lokallags møter og det er veldig mange flinke tillitsvalte og god aktivitet. Me hadde eit godt fylkesårsmøte på Kronen Gard Hotell med god deltaking, og kjempe triveleg. Me jobba mykje før jordbruksforhandlingane både med innspel og opp mot politikarar for å prøve å få gjennomslag. Me hadde ein aksjon på landsmøte til SP som vart lagt merke til, særst ungdommane frå Tveit som markerte seg. Det er kjekt med ungdom som vil noko.

I sommar hadde me sommartur til Omdal sør for Egersund, og her var det kjempeoppslutning. Veldig kjekt for store og små og god mat vart servert. Takk til Egersund BS for kjempearrangement

Nytt av året arrangerte me lokallagsleder samling på Jelsa som vart ein suksess. Me hadde mykje god jobbing og laga mange gode saker som vart sendt inn som saker til landsmøte. Me hadde og eit gardsbesøk på Fuglestein gard og fekk omvising i epleranker og produksjon.

Ein ting som også må nemnast er den gode gjengen me hadde på Agrovision, der me verva mange nye medlemmer. Spesielt flinke var dei yngste av oss som gjorde ein frem ragande innsats. Dette var kjekt å vere med på.

Me hadde rekordoppslutning på Landsmøte i november og me markerte oss veldig bra. Me fekk inn representant i landstyret både fast styremedlem og ungdomsmedlem. Dette er viktig for Rogalandsbonden. Andre saker som vart mykje diskutert og debattert var samordningsregelen som NBS jobbar med å få fjerna, og ikkje minst metanhemmarar som var eit hot tema. Eit av høgdepunkta var nå Tor Jakob sa frå talarstolen at me vil reforhandle klimaavtalen med staten.

Me hadde før jul ein kjekk julekalender på SOME som var veldig bra og som involverte mange i fylkeslaget. Dette må me takke Selia for som er god på dette.

Til slutt må eg takke alle tillitsvalte som bidrar til at me i RBS utgjør ein forskjell. Det er givande å lede ein organisasjon med så mange flinke folk. Me må og takke alle samarbeidspartnerar som bidrar sånn at me kan fortsette kampen med politisk arbeid så vilkåra for bonden skal bli betre.



Svensk kvalitet i norske fjøs siden 1984

Kraftfôrautomat 60 L



Pris:1 990Kr plus mva

Lock til automat 60 L



Pris:250Kr plus mva

Knarrhults Lammevarmer



Pris:4 480Kr plus mva



Knarrhult forhandler:

Mikal Nordbø

Tel: 982 188 88

E-mail:

mikal@knarrhult.no



Knarrhult forhandler:

Sverre Gustav Birkeland

Tel: 957 923 21

E-mail:

sverre.gustav@knarrhult.no



E. VARHAUG
transporterer
det meste:

- TRAKTOR
- GRAVEMASKIN
- TRUCK
- PERSONLIFT M.M.

E. VARHAUG

Elling Varhaug
Jærveien 34, 4365 Nærhø

Tlf 982 24 530

Styret i RBS 2025

LEIAR

Eldar Melbø Kylløsø
4308 Sandnes
Epost: eldar.kylles@gmail.com
Tlf. 454 11 131

NESTLEIAR

Torbjørn Norland
4120 Tau
Epost: tonorlan@online.no
Tlf. 970 35 255

KASSERER

Svein Erik Ørslund
4372 Egersund
Epost: s.e.orsland78@gmail.com
Tlf. 917 77 786

STYREMEDLEMMER

Bjørn Tore Birkeland
4389 Vikeså
Epost: btbirkeland@gmail.com
Tlf. 971 41 395

Jorunn Øye
4208 Saudasjøen
Epost: Jorunnoye@hotmail.com
Tlf. 916 28 566

Henning Furenes
4308 Sandnes
Epost: henning@seldalmaskin.no
Tlf. 958 91 406

Frank Flydal Baltersen
5570 Aksdal
Epost: frankflydal@gmail.com
Tlf. 938 44 394

1. VARA

Rasmus Hagalid-Stokkeland
4130 Hjelmeland
Epost: stokkeland@rs-skog.no
Tlf. 406 49 917

2. VARA

Selia Harboe
5567 Skjoldastraumen
Epost: seliaharboe@gmail.com
Tlf. 468 89 426

3. VARA

Stig Arild Helgesen
5567 Skjoldastraumen
Epost: sahelgesen@gmail.com
Tlf. 481 56 697

FYLKESSEKRETÆRER

Vivian Huglen
5567 Skjoldastraumen
Epost: Rogaland@smabrukarlaget.no
Tlf. 932 30 101



Nytt styre Rogaland.

Strautmann VM40/50/70

Fullforvogn i 4,5 og 6 kubikk!
Pris fra 179.000,- eks mva
6-års Norges garanti



Captain 263 H

Denne traktoren, under
30 hk, er perfekt for
serviceoppdrag i
kompaktklassen og et solid
valg i sitt segment.



Shaktiman SFM beitepusser

Tilgjengelig fra 100-
220 cm, med
hammere/kniver,
friløpsgirakasse,
justerbare reimer,
Hardox-meier,
hydraulisk
sideregulering,
PTO-aksling og
raketinder.



+ 47 468 15 128



post@aase-landbruk.as



www.aaselandbruk.no



Aase Landbruk a.s

Sommersamling i Eigersund 2025

Sommerturen i vakre Omdal ble en stor suksess!



Denne familiedagen ble arrangert i samarbeid med Eigersund Bonde- og Småbrukarlag og fylkeslaget. Det ble satt rekord med hele 260 besøkende. Dagen var fylt med morsomme aktiviteter som hesteridning, hundeopptreden, hønebingo og mye mer.

Fatland grillet og delte ut mat til alle gjestene, og vi spiste nærmest rundt samme "bord" – en herlig følelse av fellesskap. Vi var så heldige å få vise frem og tilbringe hele dagen hjemme hos Torstein Omdal med familie. Torsteins gård har både sau og ammeku, og han utnytter naturlandskapet og beitemulighetene på alle måter for å produsere fantastisk mat. Han selger også ettertraktede saueskinn for å utnytte produksjonen enda mer. Mange spør om gjentagelse! Vi vil derfor si dette var en riktig suksess.



tk^s EasyFeed



Nordens suverent mest solgte automatiske foringsanlegg i 2016/17/18/19/20/21 og 22



- Kan fore inntil 20 grupper med 12 starttider pr gruppe
- Kan punktutfore, tilpasset båsfjøs
- Individuell förmengde til hver gruppe
- Opsjon med vektutföring
- Inntil 2 kraftförslag og et grovförslag
- Enkel styring m/mobilt touchdisplay
- 62 doble kniver i HARDOX
- Hurtigfeste av kniver
- Sentralsmöring som standard
- RUSTFRITT BUNNBELTE
- NORSKPRODUSERT



“TKS EasyFeed er en den mest komplette automatiske utföringslösning for både storfe og småfe. Den er tilpasset og forenklet slik at den vil kunne passe for de fleste vanlige besetningstyper og størrelser i Norge. Det er en av de aller rimeligste metodene for å automatisere föringslinjen. Robust og velprövd teknologi. Tilpasses i eksisterende fjøs, ved ombygninger og i nybygg. Velges av både sauebönder og storfebönder.”

Et meget gunstig alternativ for å kutte ut kjøretid og DYRE dieselkostnader

tk^s FeedProcessor



- for eksaktkutting og blanding
- markedets laveste effektbehov - kun 11kW
- rustfri bunn - kan og leveres med rustfrie skruvindinger
- markedets laveste innlastingshøyde - min 960mm
- mange muligheter
- helt unik maskin med suverene egenskaper

Forhandles av :



Felleskjøpet



Stolt leverandør til Norges viktigste yrkesgruppe !

tk^s

AGRI

www.tks-as.no

100%
MILJØVENNLIG

Vårt pukkverk utvinner stein fra fast fjell.

Herfra produserer vi varianter av pukk,
grus og industrisand som brukes direkte
eller foredles til asfalt og betong
- uten omveier eller tilsetning av
skadelige stoffer.

**VELDE**

veldeas.no

En ny tid!



Etter en lengre reise med enveiskjøring, blindveier og et stadig sterkere ønske om endring, ble jeg i sommer stolt medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Et skifte til en organisasjon der ambisjoner og retning defineres av tall, fakta og konkrete behov, og der kursen korrigeres når det trengs. NBS lytter til politikerne, men setter egne mål fremst.

Jeg har vært mange år i organisasjonslivet i norsk landbruk, og opplevd både rolige perioder og tider med høyt trykk. Jeg har vært tett på både grasrota og det nasjonale nivået, og er uenig i påstander om at det politiske handlingsrommet skal definere tallforståelse eller bondens behov. Min erfaring er at et faglag kommer lengst med å sette egne mål og styre politikken i ønsket retning. Premissene som legges inn i politikk og forhandlinger avgjør.

NBS har et høyt ambisjonsnivå, stor takhøyde og en presis arbeidsform som jeg setter stor pris på. Vi tåler høy temperatur og klare meninger, selv om dette tidvis kan gi litt utestemme. Til gjengjeld får vi luftet ut litt hver dag, og kan til slutt lande på gjennomarbeida beslutninger som står seg. Alle vi som var på årsmøtet i november erfarte en åpen diskusjon, felles kurs og et samla lag. Det var ordentlig kjekt å være en del av. Jeg tror at denne kombinasjonen av engasjement og gjennomføringsevne er grunnen til at organisasjonen samler medlemmer og vokser raskt.

Alle liker å snakke varmt om demokrati, men det som skiller organisasjoner er om demokratiet faktisk brukes når det røyner. I NBS skal demokratiet brukes, ikke bare snakkes om.

Jeg sitter i sentralstyret og er en del av organisasjonens forhandlingsutvalg. Det forplikter, men det gir også mulighet til å bidra med det jeg mener norsk landbruk trenger mest: presisjon i tallgrunnlag og premisser, tydelige prioriteringer og gjennomføringsevne. Framover må vi gjøre alt for at argumentasjon og forhandlinger tar utgangspunkt i fakta, ikke politiske snarveier eller billig retorikk. Bondens beste er vårt mål. Et åpent spørsmål bør likevel stilles: Kan en med dagens tallgrunnlag og ramme se for seg at samtlige av våre medlemmer oppnår full jamstilling? Svaret ligger dessverre i dagen, og min vurdering er at tallgrunnlaget må endres for at reell jamstilling skal bli mulig. Ramma må bli større, og kostnadsdekningen må bli reell. Hvis vi mener alvor med at bonden er en del av løsningen, må vi også tåle sannheten om tallene og tilstanden, og vi må ha kraft til å gjøre noe med dem. Her er NBS i en egen klasse, og derfor jeg har valgt å legge engasjementet mitt i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Sven Magnus Håland

VELKOMMEN!

DU FINNER OSS I AKSDAL NÆRINGS-PARK

FENDT



MASSEY FERGUSON



VALTRA



Husqvarna
READY WHEN YOU ARE



Eiksenteret Haugesund

Eikeskogvegen 72, 5570 Aksdal – Tlf. 52 75 44 44

EIK
SENTERET



bøndernes innkjøpslag

“Vi leverer det meste innen landbruk, hage og hjem til privat personer og firma”.

Åpningstider: Man-Fre 8-18, lørdag 9-15
Hoveveien 80, 4306 Sandnes
Tlf: 51 66 08 81

@innkjøpslag

Referat fylkesårsmøtet

LØRDAG 8. MARS

Val av ordstyrar: Bjørn Tore Birkeland

Val av referent: Vivian Huglen

Val av redaksjonskomité: Tom Ove Øksnevad, Frank Baltzersen og Sander Voster.

Fylkesleiar Eldar Melbøe Kyllsø ønska alle velkommen til Fylkesårsmøtet.

Landbruksdirektør i Rogaland **Monica Dahlmo** innleia om teigbaserte tilskott og Statsforvaltaren si rolle med omsyn til matberedskapen

Monica Dahlmo presenterte arbeidet med teigbaserte tilskott og kva utfordringar og moglegheiter som ligg i dei løysingane som er tilgjengelege i dag.

Eit sentralt poeng var at ho meinte at ein ikkje utnytta dei kartverktøya som er tilgjengelege i dag, godt nok. Og at integrasjonen mellom fagsystem og kart er mangelfull. Stortinget bad i 2023 om ei utgreiing om auka bruk av digitale kart og statsforvaltaren i Rogaland anbefalte då å innføra dette verktøyet ved tildeling av tilskott. Sjølv om Landbruksdirektoratet har vore skeptisk til gevinsten med teigbaserte tilskott, peika Dahlmo på at erfaring og dokumentasjon syner at potensialet er betydeleg.

Ho synte også til at Danmark allereie har digitalisert tilskottsforvaltninga.

Dahlmo gjekk så inn på Statsforvaltaren si rolle i arbeidet med matberedskap.

Statsforvaltaren si rolle er først å iverksette nasjonal politikk, samordna statlege verksemder, ivareta rettstryggleik og halda styresmaktene orientert om tilstanden i fylket. Arbeidet med forsyningstryggleik og beredskap er prega av FN sine bærekraftsmål og gjennom ein nettportal vert risiko og sårbarheit kartlagt. Dei mest sannsynlege hendingane i Rogaland er flaumfare og ekstremvær i Dalane. Rasfare i



Ryfylke, ulukker i tunellar og høg dyretettleik på Jæren med påfølgande auka sårbarheit.

Matforsyninga i fylket vert direkte påverka av nasjonale tilhøve og presset på areala i Rogaland er stort. Det føreligg planreservar i Rogaland som opnar for nedbygging av 23 000 da jord, av dette om lag 12 000 da fulldyrka mark. Dette vil ha betydning for mattryggleik, karbonbinding og biologisk mangfald. Globale dyresjukdomsutbrodd spreier seg raskare enn før og stor dyretettleik vil i så måte vera ein risikofaktor.

Dahlmo avslutta med å understreka Rogaland sine styrker og svakheiter. Sterk matproduksjon, høgt arealpress, høg dyretettleik og ein aukande klimarisiko. Store moglegheiter for digitalisering og ny teknologi.

Teigbaserte tilskottsordningar og betre bruk av data vil vera nøkkelen til eit robust, effektivt og rettferdig landbruk i åra som kjem.

8.-9. mars 2025



Årsmøtetale Eldar Melbøe Kyllesø:

Hei sann godtfolk. Velkommen til Kronen Gård.

Det har vore eit godt år for RBS, me er i flyten og me er i vekst. Me er ein organisasjon i god vekst også på landsbasis og me er i førarsetet for å fremme ein ny retning for norsk landbrukspolitik. Det er avgjerande for framtida.

Årsmøtet i RBS var på same stad i fjord, her i vakre Sandnes og denne flotte nye salen. Me skal få til eit minst like bra årsmøte i år som i fjord, med god debatt og forhåpentlegvis bli litt klokare når det gjelder temaet beredskap og bonden sin rolle i dette.

Eg vil og trekke fram frå året som har gått at me har fått restarta lokallag inne i indre Ryfylke. Dette var eit kjempekjekt opplegg der me hadde med oss Anton Langeland og Nils Martin Seim frå sentralt. Me hadde og eit knakande bra landsmøte der Rogalandsdelegasjonen hadde rekorddeltaking. Me var aktive

og synlege i debatten og eg er veldig fornøgd med dokke alle.

Det me ikkje kjem utanom, når me skal opp summere dette året, er demonstrasjonen me hadde fram føre Stortinget:

Ærleg tal ljoma på Eidsvolls plass.

Eg vil tru dei fleste stortingspolitikar fekk dette med seg. Me kjempa mot regjeringa si Meld.St.11 og me ropte «ærlege tal» og på heia kompromissforslaget, forslag 25. Me ville ha 1 700 timar i årsverket som andre, ingen normering og avkastning på investert verdi og ikkje bokførte som i Meld. St. 11.

Det openberre var at regjeringa ville støtte landbruket i dette sidan regjeringa faktisk har dette som mål i sin eigen Hurdalsplattform, men så feil kan ein ta. Skuffelsen var derfor stor når forslag 25 falt. Stemninga var til å ta og føle på, me var svikta av våre egne..

Når denne saka skulle voterast igjen i stortinget så fekk den heldigvis ikkje fleirtal. Det vart fleirtal for å ta opp talgrunnlaget på

nytt, takka vere heidersmannen Per Olav Lundteigen som trossa eige parti og stemte imot, med det resultat at saka vart utsett, og næringa fekk nytt håp om at rett talgrunnlag kunne bli ei verkelegheit.

Me starta derfor i heile NBS kampen for «ærlege tal». I RBS har me hatt fleire møter med stortingspolitikarar og andre i politikken for å forklare dei kor mykje dette har å sei for framtida for oss bønder.

Eg var deltakar på Bondelagets møte kalla «Varhaug møtet» på Jæren. Det viktigaste landbrukspolitiske møtet i landet påstod dei. Pollestad kjørde høg sigarføring på heimebane, og kjørde på i kjent stil. Det som provoserte meg mest var når han kom med ein «under beltestaden» kommentar, når han stolt seier at tilbodet frå Staten under jordbruksoppgjeret i fjor var betre enn Småbrukarlagets sitt krav. Dette veit me ikkje er riktig!

Me valde å forholde oss til regjeringas opptrappingsplan og Pollestad sine premissar for forhandlingane. Det viser seg i etterkant at NBS traff betre på kostnadsveksten. Sanninga er derfor at me hadde rett. Husk også at me fekk kniven på strupen av forhandlingsleiaren.

Me måtte akseptere talgrunnlaget sånn det forelå i Meld. St. 11 og som Pollestad endra kvelden den 18 april. Meld. St. 11 la opp til ein verdijustert kapitalbase, men så plutselig etter møtet, så blei bokført verdi lagt på bordet av departementet. Bondelaget aksepterte dette over bordet, NBS måtte ha ein tenkepause. Me forstå at dette kosta næringa over to milliardar. Me fekk derfor valet å forhandle på dette eller forlate forhandlingane. Her gav dessverre Bondelaget vekk to milliardar over bordet!!! Så litt ærlegheit løner seg nok i lengda.

Det er derfor over mi fatteevne i kampen om det rette talgrunnlaget, så har Bondelaget og Senterpartiet vore våre største fiendar, til tross for dei har vedtatt dei same måla som oss i NBS. Det har og våre kommunisert til det kjedsommelege at talgrunnlaget må stå seg breidt politisk slik at kommande regeringar ikkje kan endre dette i framtida.

Ein ting er i allefall sikkert, det er verre å ta

frå nokon det dei har eller å gi nokon meir. Eg trur aldri kommande regeringar ville fått aksept i Stortinget for å ta frå bonden som allereie har minst frå før. Eg kjøper derfor ikkje dette argumentet. Det må vere andre ting som ligg bak.

Når ein så ikkje trudde det gjekk an å bli meir skuffa av Sp og Ap med landbruksauge, så vel dei då som det siste dei skulle gjer før dei gjekk ut av regjeringa, å sikre eit talgrunnlag der kun timetalet vart endra.

Det var ikkje til tru, me som har jobba mykje med dette, blei på ny satt ut. Ein liten fuggel kviskra oss i øyra at generalsekretær Sigrunn Hjørnegard i Bondelaget, hadde vore på KrF sitt ekstraordinære landmøte og sådd eit korn. Om de går for 1 700 timar så er det bra for oss. Bondelaget er offensive som vanleg, dei seier ikkje kva dei vil og kva som er behovet, dei seier det dei trur dei kan få til politisk. Som eg las i Nationen her om dagen, kor er fagforeiningsmannen som står på krava for næringa si. Kor er Yngve Hågensen som me alle hugser, som verkeleg stod på krava??

«Gimming er letta og glad at nytt talgrunnlag er sikra»

Talgrunnlaget som no er landa med ein letta og glad bondelagsleiar, er ein katastrofe for næringa. Me vil med dette dessverre fortsette å auke inntektsgapet. Det seier seg sjølv når me skal normerast og ikkje ha kapitalavkastning. Det vil føre til større gap og bonden skal altså ikkje tene som andre. Det er vanskeleg å forstå at dette skal være så vanskeleg.

Men sjå på kronikken til leder i Fkra, her for nokre veker sidan i Nationen. Nå me må slutte å syte og forholde oss til talgrunnlaget som faktisk er bra. Ein kan spørje seg kva ein skal med fiendar når ein har sånne venner. *Sveinung Svebestad (styreleiar Fkra), bur rett borti høgget her, han har seld ein betydeleg del av gården, for ein betydeleg pengesum. Då er det kanskje enkelt å kalle bøndene som vil noko for sutrepavar, når ein har god lønn og feit lommebok i tillegg?*

Eg er ikkje med på rosemalingstaktikken som går føre bland enkelte for tida. Me har

store utfordringar i Rogaland også. Det var ved årskifte 409 båsfjøs. Framleis, og om alle disse skal med etter 3 - 4 år, så må me bygge nesten eit nytt fjøs kvar veke. Der er me ikkje sjølv om det no er fleire som snakkar som om at Rogaland no er Klondike og kun «fryd å gammen». Slik er det diverre ikkje. Utfordringane står i kø. *Eg kjenner meg i alle fall ikkje igjen på kor alle desse pengane er , men det er mogleg me som ikkje har mjølk, ikkje kjenner det på same viset.*

Me har politisk bestemt at me skal opp til 50% sjølvforsyning. Dette er eit ganske hårete mål. Det skal produserast 1.1 mrd. fleire foreinheiter (fem) i landet. Eller 4,5 millionar fleire rundballar a 250 fem. Eller 140 rundballar for bonde av oss som er igjen. Det er enorme mengder fôr som skal til. Skal me ha sjans til dette, må me få meir ut av jorda, me må dyrke meir, me må få meir beitedyr ut på beiter, i det heile tatt det er ein kolossal mobilisering som skal til. Me trenger fleire hender.

På forsvar har med ein brei politisk semje om at me skal bruke enorme summer dei kommande åra på forsvaret. Det eg slit med å forstå, er kvifor ikkje landbruket er like viktig i ein beredskap samanheng. **Det må jo vere avgjerande at me har folk som bur og driv i heile landet om me skal oppretthalde eit total beredskap og forsvarsevne!**

Kor står bonden oppe i dette? Er ikkje busetjing og matproduksjon over heile landet det som er beredskap? Trenger me ein haug med tanks og fly viss dei om dei som skal føre dei, ikkje har mat i meir enn i nokre månader eller dagar?

Kor mange vil overta gardane sine, når me veit korleis økonomien vil bli framover. Vil me bli fleire bønder? Me veit gapet vil auke når me normerast og når me ikkje får kapitalavkastning. Er det mogleg å oppnå betre beredskap og sjølvforsyningsevne, når det ikkje er politisk vilje for at bønder skal ha same inntekt som andre ?

Eg berre spør?

Innleiingar om matvareberedskap

v Landbruksdirektør **Monica Dahlmo**, leiar av næringsforeninga i Rogaland **Harald Minge** og Adm Dir i Felleskjøpet **Per Harald Vabø**.



Monica Dahlmo.

Dahlmo:

For Rogalandsbonden handlar beredskap om nasjonal beredskap. Det er den kontinuerlege produksjonen som er avgjerande og at det er vilje til å produsera mat på dei areala som er tilgjengelege.


Jordvern må takast på stort alvor!

95% av jorda i fylket blir brukt til gras, men det er potensiale til å auka grønt produksjonen. Høg produksjon av kjøt, mjølk og egg som betyr høgt forbruk av kraftfôr. Tett mellom fjøsa noko som fordrar høgt fokus på smittefare.

Den generelle beredskapen i samfunnet er begrensa med ei forventning om at folk skal klara seg sjølv om lag ei veke. Bønder bør ha sin eigen beredskapsstrategi og landbruket si rolle i beredskapsarbeidet må sjåast i eit heilskapleg samfunnsperspektiv.

Dalane Energi. Et innovativt energiselskap med sterke tradisjoner.

Nærmere enn du tror, ekte og enkelt.



VI TILBYR:

- Konkurransedyktig og oversiktelige strømvavtaler
- Utmerket kundeservice for å sørge for at du alltid er fornøyd
- Godt samarbeid etter vinn-vinn-prinsippet
- Energibesparende tiltak for å sikre at du ikke bruker mer strøm enn nødvendig
- Strømløveranse til hele Norge

Ikke nøl med å ta kontakt med oss. Send oss gjerne en e-post på **bedrift@dalane-energi.no**, eller ring oss på **51 46 25 25**. Du kan også komme og besøke oss på Elganeveien 1, 4373 Egersund. **Vi ser frem til å høre fra deg!**



Minge:

Rogaland er store på mat og energi. Endra utanrikspolitiske tilhøve gjer rolla vår som stabil energileverandør viktigare.

Rogaland er den regionen i landet med høgast verdiskaping. Dette gjeld også landbruket i fylket. Det er også ein viktig samanheng mellom industri og landbruk. Både leverandør og mottaksindustri er store i fylket og det bør byggast vidare på eksisterande kompetanse og struktur. Viktig at me er positive til aktiv næringsutvikling i åra som kjem.

Norsk mat og norske bønder bør ha ei avgjerande rolle for beredskap og mattryggleik. Fisk og fiskeproduksjon må også takast med når vi snakkar om matberedskap.

Vi er svært avhengige av EU. Det er vår største marknad og vår største leverandør. Og me må passa på at me er innafor tollmuren.

Det er i fredstid me må bygga beredskap. Matproduksjon kan ein ikkje skru av og på, den må sjåast som ein del av totalforsvaret.

Mat og energi har blitt eit pressmiddel. Sloss for lokal mat, «lokalt må bli normalt».

Vabø:

Me lever i ei verd der me må planlegga for krise og krig.

Det er levert to stortingsmeldingar med alvorlege overskrifter. Begge slår fast Alvoret i situasjonen og at me må gjera ein større innsats for både sivil og militær beredskap.

I Felleskjøpet betyr dette ei endring i måten å tenka på for å vera leveringsdyktige. Me må førebu oss på å ha større lager og auka kostnader. Samtidig pågår det eit arbeid for å redusera importandelen i kraftfôret.

Vi må ha ein god beredskapsplan for å sikra tilgang på alle innsatsfaktorane me leverer og

at me kan distribuera varene.

Vi må ha gode beredskapsplanar i alle ledd og me må ha lager av matkorn, såvarer, reservedelar og anna.

Me kan bruka Finland som eksempel.

Etter desse innlegga var det ein kort debatt.

Det vart stilt spørsmål om statsforvaltaren si rolle i beredskapsarbeidet og Dahlmo presiserte at statsforvaltaren har ansvar for oversikt, samordning og informasjon. Men at ansvaret for beredskap er delt mellom fleire aktørar.

Det vart vidare diskutert om det er rett at bøndene og den landbruksrelaterte industrien som sjølv skal bera kostnadane med beredskap? Eksempelvis auka lagerhald av driftsmiddel. Eller om dette skulle vera eit nasjonalt, offentleg ansvar.

Fleire i salen peika på at matberedskap er grunnmuren for all beredskap og må handsamast som eit sikkerheitspolitisk spørsmål.

Spørsmålet om auka norsk proteinproduksjon vart også diskutert. Det er mogleg å auka denne produksjonen, men det vart minna om at slik produksjon sannsynlegvis ville konkurrera med andre beredskapsnaudsynte produksjonar som korn og potet.

Politisk paneldebatt med korte innleiingar av : Geir Pollestad Sp, Frode Berge Ap og Marianne Lunåsno politisk nestleiar i NBS.


Spm: Korleis skal me raskt klara å auka sjølforsyninga vår?

Berge:

Det er kjempebehov for å auka beredskap, sjølvforsyning og forsvar. Me har mykje å ta igjen. Regjeringa har gjort mykje på kort tid. Jordbruksoppgjera har vore gode og det er gjort mykje med sjølvforsyning og beredskap.

HCP

HELLELAND BIL
OG LANDBRUK AS



KONTAKT OSS

Tlf: 51 46 60 40
hbl@hellelandbil.no

ADRESSE

Sirdalsveien 42,
4376 Helleland

MECA

Din **HCP** forhandler i
Rogaland –
ditt **MECA** verksted i
Dalane

*"Alt som svive går sondt.
Me fikse året rondt!"*

Pollestad:

Einig med Berge. Norge har spart mykje på å bygga ned beredskapen særskilt på 90 talet. Senterpartiet har arbeidd for beredskapslager av matkorn og har fått gjennomslag for at det no skal opprettast beredskapslager av matkorn for 3 månaders forbruk. Dette må utvidast. Offentleg sektor må prioritera norsk mat ved innkjøp.



Marianne Lunåsmo.

Lunåsmo:

Det finnest mange gode mål, løfter og planar. Men me må tenka litt rundt måloppnåing. Det er nedlagt 460 gardsbruk i året i tida mellom 2020 og 2024. Kor få gardar tør me vera? Det er lite snakk om kor få bønder me er og me kan nå eit punkt der bøndene ikkje vil klara å nå over dei forventingane samfunnet har til produksjon. Me blir for få bønder og gardsbruk. Det hjelper ikkje å berre snakka om dette. Me får ikkje betre beredskap berre ved å snakka om det.

Pollestad:

Kornberedskap er på plass. Strengare krav til offentleg sektor om å bruka norsk mat er eit konkret tiltak.

Lunåsmo:

Me snakkar for lite om korleis me skal sikra at me har bønder som kan levera det kornet som skal vera på lageret. NBS prøvde å løfta

samordningsregelen inn i forhandlingane i fjor, utan resultat. Bønder må ha like moglegheiter som andre til å bli foreldre

Pollestad:

Fokus på behovet for gode jordbruksoppgjer. Me må bruka meir pengar på landbruk og vera bevisste på korleis me fordeler pengane.

Berge:

Behov for brei politisk einigheit om beredskap og sjølvforsyning. Jordvern, utdanning og kompetanse er også viktig. Øksnevad vgs, må vidareutviklast.

Eldar:

For 20 år sidan innsåg eg at det var naudsynt med ei anna utdanning for å kunna overleva som bonde. Økonomien har vore svak over så mange år.

Torbjørn Norland:

Store deler av klimakrava kan dekkast dersom styresmaktene vedtek eit krav om meir lokal-mat i offentleg sektor.

Lunåsmo:

Rekruttering blir gjort vanskeleg gjennom vedtaket om normering av inntekt. Bruksnedlegginga fortsetter som før.

Pollestad:

Me kan leva med normering. Me har tenkt å levera gode landbruksoppgjer framover. Det vil ingen andre.

Lunåsmo:

Trass i desse påståtte gode oppgjera så responderer ikkje næringa med færre nedleggelsar.

Pollestad:

På mjølkeproduksjon responderer landbruket. Auke på 1 bruk i Rogaland i år.

Nils Melbøe:

Einig med Pollestad at det er meir betryggande å ha parti i Stortinget som er positive til

LANDBRUKSTAKST

Salg, eierskifte, refinansiering

Å eie en landbrukseiendom er en investering, enten det er snakk om skog, jord eller kombinert drift. Men hva er egentlig verdien på eiendommen din? Med en grundig og profesjonell landbrukstakst kan du få svar.

En landbrukstakst gir deg en presis og pålitelig vurdering av eiendommens verdi, basert på faktorer som , jordkvalitet, verditilvekst på skog, bygninger og markedsforhold. Dette er avgjørende informasjon ved salg, generasjonsskifte, refinansiering eller forsikrings spørsmål.

Ikke vent til det haster – kontakt oss i dag for en uforpliktende samtale! La oss hjelpe deg med å avdekke den fulle verdien av din eiendom, enten du er kjøper, selger eller ønsker bedre oversikt over dine verdier.



Litt om oss

Vi er stolte medlemmer og medeiere av Norsk-Landbrukstakst, fagorganisasjon for takstforetak med spesialkompetanse innenfor jord- og skogbruk.

Vår tilknytning til NLT garanterer at våre taksttjenester oppfyller de høyeste faglige standardene og nyeste retningslinjer innen landbrukstaksering.



+47 40 64 9917



www.rs-skog.no

næringa. Borgli (Frp) samanlikna landbruket med ein frisør i fjor. Det er eit dårleg utgangspunkt. Me må etterspørja norske varer i alle samanhengar. Det er avgjerande for norsk verdiskaping. Er det rett at det er Felleskjøpet som skal ha ansvar for å halda lager av dei driftsmidla me treng? Fellesskapet må bidra til lagerhald.

Berge:

Beredskap må integrerast på ein heilt annan måte i alle sektorar.

Pollestad:

Meiningslaust at Tine skal finansiera utbytte til eigarane av dei private meieria.

Lunåsmo:

Felleskjøpet skal ikkje betala for beredskapslagring. Det handlar om nasjonal tryggleik. Eg blir overraska om ikkje diesellagring vert ein del av jordbruksoppgjeret.

Stig Arild Helgesen:

Forutsetninga for god beredskap er at bønder har ei normal «timelønn» for arbeidet dei legg ned.

Trond Norland:

God beredskap på det enkelte bruk vil føra til auka kapitalbinding for bonden. Dette må godtgjerast.

Lunåsmo:

Me må adressera spørsmålet om normering. Systemet må ryddast i ellers ender me med store inntektsgap om få år.

Fylkessekretær Vivian Huglen gjekk gjennom avtalen NBS har med Gjensidige forsikring.

Leiv Olsen kom med gode helsingar frå våre vener i Nei Til EU.

Lokallagas halvtime:

Utveksling av tips og råd omkring korleis ein kan driva lokallaget på ein god måte.






KRONEN GAARD HOTELL

Kurs & konferanse | Søndagsmiddag | Bryllup | Selskaper

Velkommen til et sjarmerende og unikt hotell i Sandnes, bygget i 1898 i sveitserstil av trelasthandleren Gabriel Block Watne. Hotellet har 32 rom og 8 unike saler og stuer til konferanser, julebord, banketter og livets merkedager. Hos oss spiller maten en sentral rolle, og kjøkkenet samarbeider tett med lokale leverandører for å sikre de beste råvarene.



“Et sted du lengter tilbake til”



Lutsiveien 70, 4309 Sandnes | www.kronen-gaard.no | 51 60 83 00 | salg@kronen-gaard.no

SØNDAG 9. MARS

Jordbruksforhandlingane ved Marianne Lunåsmo:

Marianne gjekk gjennom korleis forhandlingsutvalet hadde lagt opp arbeidet fram mot jordbruksforhandlingane.

Oppmoda alle lokallaga om å koma med sine innspel.

Kravdokumentet frå NBS må vera i tråd med dei vedtekne ordningane sjølv om me vil utfordra på enkeltsaker.

- Etter dette var det ein god dialog mellom salen og Marianne.
- Det vart stilt spørsmål om fjerning av botnfrådrag noko ho trudde det var vanskeleg å få gjennomslag for.
- Elles vart det diskutert forholdet mellom pris og tilskott på landbruksprodukt.
- Skal me løfta økonomien på sau og ammeku eller må me henta meir i marknaden.
- Andre saker som vart nemnt var: Soneinndeling, toppfrådrag i staden for botnfrådrag,
- samordningsregelen
- avløyning v sjukdom
- behov for meir investeringsmiddel er eit teikn på ei sjuk næring,

Ho avslutta med å snakka om behovet for å fortsetja arbeidet med å skapa eit system som er rettferdig, forutsigbart og utviklande for næringa.

Kompetansenettverket for lokalmat hadde ein presentasjon av kva dei arbeider med og korleis dei arbeider. Målet er å auka verdiskapinga gjennom å bidra til auka kompetanse.

ÅRSMØTESAKER:

Opprop

Innkalling vart godkjent

Trond Håland og Trond Norland vart valt til å signera møteboka

Nils Melbøe gjekk gjennom årsmeldinga og denne vart godkjent

Vivian Huglen gjekk gjennom rekneskapen som også vart godkjent.

Fylkesleiar Eldar Melbøe la fram forslag til budsjett og arbeidsplan for 2025 som vart vedtatt som framlagt.

Val

Leiar: Eldar Kyllsø Melbøe gjenvalg

Nestleiar: Torbjørn Norland Ikkje på val

Styremedlemmer:

Svein Erik Ørslund 2år

Frank Flydal Baltersen 2år

Jorunn Øie 2år

Henning Furenes Ikkje på val

Bjørn Tore Birkeland Ikkje på val

Varafolk

1 vara Rasmus A Stokkeland 1år

2 vara Selia Harboe 1år

3 vara Stig A Helgesen 1år

Revisorar

Ottar Endresen 1år

Jan Sigve Schelbred 1år

Valnemnd

Trond Håland 1år

Tom Ove Øksnevad 2år

Sander Voster 3år



Uttaler fylkesårsmøtet

1. TALLGRUNNLAGET, VEIEN VIDERE?

Skuffelsen over det «nye» tallgrunnlaget har ikke lagt seg!

Landbruksnæringa i Norge gikk glipp av en mulighet til å få et tallgrunnlag som ville satt fremtidige regjeringer i stand til å sammenligne inntektene i landbruket med inntektene i andre næringer på en best mulig måte.

Med det tallgrunnlaget som nå er foreslått vil de fleste bøndene i Norge fremdeles ikke kjenne seg igjen i det tallmaterialet som blir lagt til grunn ved jordbruksforhandlingene.

Selv med et godt resultat ved årets jordbruksforhandlinger vil gapet mellom inntektene i jordbruket og andre grupper øke år for år framover.

Det er Stortinget som vedtar og har ansvar for både tallgrunnlag og jordbrukspolitikk i Norge. Vi skulle derfor tro at uansett hvilken retning en ønsket å ta jordbrukspolitikken så ville det vært en fordel å basere politikken på et så riktig tallgrunnlag som mulig.

Spørsmålet nå er: Hvor går veien videre?

Norske bønder må selvsagt forholde seg til det Stortinget vedtar. Det betyr at vi blir nødt til å forholde oss til det tallgrunnlaget som nå er foreslått. Men, samtidig har Stortinget også vedtatt ambisiøse mål for landbruket i årene som kommer. Ambisiøst i forhold til matsikkerhet, landbruk over hele landet, økt verdiskaping og et bærekraftig landbruk. Disse målene må vi også forholde oss til når vi skal utforme våre krav til jordbruksforhandlingene.

Ingen bønder kan betale regninger med fiktive penger som kun finnes på et regneark i Oslo. Det betyr at uansett så vil bøndene tro mer på tallene i egne regnskap enn tallene som er basert på et feil tallgrunnlag.

Hvordan Stortinget tror at vi kan nå målene som er satt uten at bønder i framtida har samme inntektsmulighet og sosiale ordninger som resten av befolkninga er vanskelig å forstå.

Riksrevisjonen har pekt på ekstrem svak måloppnåelse for landbrukspolitikken.

Et riktig tallgrunnlag må på plass! Rogaland Bonde og Småbrukarlag vil derfor fortsette å peke på feilene i dagens tallgrunnlag og utslagene dette får for måloppnåelse, rekruttering og økonomi i landbruket.

2. MATBEREDSKAPSOPPGJERET 2025

Det er krise og krig i verda rundt oss!
Undersøkingar syner at opp mot 40 prosent av befolkninga i Norge er svært bekymra for sikkerheits situasjonen og dagleg er det innslag i media som handlar om kor viktig det er å styrka det militære forsvaret.

Samstundes er det påfallande kor få journalistar og politikarar som er opptekne av matberedskapsen vår.

At alle , over heile landet, må ha nok og trygg mat på bordet kvar dag ser ut til å bli tatt for gitt.

Trass i at både riksrevisjonen og totalberedskapskommisjonen har peika på manglande mål oppnåing i landbrukspolitikken og svak matvareberedskap så er Totalberedskapsmeldinga overraskande svak og utydeleg på feltet mat.

Det er svært positivt at det er sett i gang beredskapslagring av matkorn , men lagring for 3 månaders forbruk er for lite i eit land med

kort vekstsesong. I tillegg er det også behov for beredskapslagring av andre produkt. T.D. såvarer , diesel og sukker.

Berre dei siste 30 åra har anleggsstrukturen i forsynings og foredlingsindustrien knytta til landbruket gjort store deler av landet meir utsett for svikt i matforsyningane. I tillegg har også dei store grossistlagra av mat blitt færre og meir sentralisert.

Alle tal for måling av matberedskap og forsyningstryggleik har som for utsetjing at produksjon, foredling og transport av mat går uhindra. Me stiller oss undrande til at slike forutsetningar kan leggest til grunn dersom ein skal ha beredskap i krig og krise!

Norske bønder må praktisk og økonomisk setjast i stand til å produsera mest mogleg av den maten me treng - også i krise og krig! Rogaland Bonde og Småbrukarlag vil krevja at matberedskap blir overskrifta for årets jordbruksforhandlingar!



NORSKE KVALITETSSKINN
SIDAN 1951

- ✓ Me tar i mot skinn for beredning
- ✓ Hentar returskinn på dei fleste slakteri
- ✓ Velg kun ut dei beste råvarene til beredning

Salg av alle typar skinn og lær, engros-detalj



BESØK VÅRT FABRIKKUTSALG I ØLENSVÅG
BJOAVEGEN 187 - 5582 ØLENSVÅG
TLF. 52 76 50 00 - GRANBERGGARVERI.NO

Kvalitetsproblem på lam, skal ikkje løysast med færre bønder!

Lave lammevekter

– **alle bønder må ikkje straffast.**

Styret i Rogaland Bonde og Småbrukarlag er bekymra for økonomien i produksjonen av sau og lam. Sjølv om me akkurat nå opplever underdekning av lam i den norske varemarknaden, har det bygd seg opp eit overskot av vaksen sau. Samtidig melder slakteria at det er eit problem med ein del lam som ikkje held god nok slaktekvalitet, noko som fører til auka slaktekostnadar og eit produkt som ikkje er omsetjeleg i marknaden. **Begge desse sakene bidreg til å svekka økonomien i næringa.**

Det er mogleg at lageroppbygginga av vaksen sau er eit resultat av dårleg økonomi og at folk derfor reduserer sauetalet. Me meiner at underdekninga av lam opnar for at kjøt av ung sau kan marknadsførast i periodar av året. Me vil også oppfordra til at klassen «**fjorlam**» **blir gjeninnført.** Dette kan bidra til auka sal av sauekjøt. Når det gjeld problema med lam av dårleg kvalitet, meiner styret i Rogaland Bonde og Småbrukarlag at dette må løysast utan at seriøse produsentar blir ramma.

Me støtter slakteria når dei nå i større grad bruker avrekningspris som verkemiddel. Samtidig veit me at landbruksstyresmaktene har god oversikt over dei produsentane som årleg leverer lam av dårleg kvalitet. Bønder som har ei drift som ikkje kan kallast vanleg landbruksproduksjon bør følgjast opp, til dømes ved avkorting av produksjonstilskot.

Styret i Rogaland Bonde og Småbrukarlag vil åtvare mot at ein forsøker å løysa problemet med for små lam med kollektive løysingar som går ut over alle produsentar som driv med lette rasar. Kjøt frå desse rasane av god kvalitet er etterspurt i marknaden. Samtidig meiner me at avlslag og faglag må samarbeida om tiltak som bidreg til at flest mogleg av våre kollegar blir med vidare slik at me fortsatt kan gi forbrukarane valfridom og kjøt av god kvalitet, samtidig som me nyttar dei enorme utmarksressursane me har dette i landet.

DALANE



BONDEN I FOKUS

ALT AV DRIFTSMIDLER TIL
LANDBRUKET

GODE BONUSORDNINGER

SERVICE OG KOMPETANSE

KOM INNOM FOR EN DRØS OG KAFFI

SIRDALSVEIEN 38, 4376 HELLELAND
tlf: 51497197 mail: dalane-i@online.no

INNKJØPSLAG SA

Jæren
Olje

Agder
Olje

Randøy
Olje

Finnøy
Olje

Haugaland
Olje



Scan QR kode
og bestill
drivstoff 24/7



Helt enkelt

Scan QR kode
for våre
stasjoner



Helt enkelt

Helt enkelt

NY 2025 SERIE

Potetutsyr for mindre gårdsbruk



5150 Halvautomatisk potetsetter

6150 Potetoptaker

For mindre bruk

I 2024 relanserte vi disse maskinene med en serie på 25 stk pr. maskin. Alt ble utsolgt og nå produseres ny serie for 2025. Dette er den halvautomatiske potetsetteren med hyppeskjær, og belteopptakeren som skånsomt legger potetene oppå jorda. Dette er maskiner som passer til mindre gårdsbruk. Potetsetteren er bygd slik at den slipper poteten ned på jorda uten hard håndtering, noe som tillater bruk av forgrodde settepoteter. Dette gir igjen muligheten til en tidligere innhøsting. Det er også reservedeler tilgjengelig for bestilling.

Send din bestilling nå, til:

Arild Høien - Salssjef Underhaug
E-post: arild@underhaug.no Tlf.: 966 83 000

Underhaug

www.underhaug.no

Fleksibilitet i beitetilskudd for lam

Dagens regelverk for beitetilskudd krever at lam skal være på beite i minimum 16 uker (i sone 1 til 4) for å være kvalifisert til beitetilskudd. Dette kravet er utfordrende for mange produsenter, særlig fordi grossistene etterspør lam tidlig på høsten. For å møte markedets behov, må mange lam slaktes før 16-ukersperioden er fullført, noe som fører til tap av tilskudd og svekket økonomi for produsentene.

Mangelen på fleksibilitet skaper dilemma for produsenten, enten må de slakte tidlig for å få en god pris på vare, eller vente for å være kvalifisert for beitetilskudd og oppå en dårligere pris på produktet sitt.

Rogaland bonde- og Småbrukarlag foreslår at Lams som slaktes før 16 uker på beite, men som har vært på beite sammen-

hengenes frem til slakting også skal være kvalifisert til beitetilskudd. Dette skal gjelde uavhengig av sone, slik at produsentene kan slakte når lammet er slaktemodent.

Dette vil bedre situasjonen og gi produsentene større fleksibilitet til å tilpasse seg markedet, sikre at tilskuddet fortsatt stimulerer til beitebruk selv om beiteperioden kan bli noe kortere for noen dyr. Det kan også være med på å redusere den økonomiske usikkerheten for småfeprodusenter.

Forslag til vedtak:

Vi ber om at forhandlingsutvalget tar dette med seg inn i jordbruksforhandlingene 2026.

Rogaland Bonde- og Småbrukarlag



TOPLAC® SAU FIBER

- DI LØYSING I LAMMINGA

- Høgt fiberinnhold
- Sikrer høg mjølkeproduksjon trass fibermangel
- Skånsam for vomma trass høge kraftfôr-rasjoner
- Svært god smaklegheit

www.fiska.no **Fiskå Mølle**



Er du lokalmatprodusent og trenger hjelp med produksjonen, søker du kunnskap og inspirasjon?

Vi kan bidra med:

- ✓ Gratis veiledning til å løse matfaglige og markedsfaglige utfordringer
- ✓ Kurs, webinarer, bransjenettverk, fagdager

I mer enn 20 år har vi levert kompetanse til lokalmatnæringa og bidratt til en trygg og lønnsom foredling av mat og drikke!

Vi heier på økt produktmangfold, en levende matkultur, mat med kvalitet og mat som er trygg.

Les om våre tilbud på <https://kompetansenettverklokalmat.no/>

Ta kontakt, enten du er i oppstartfasen eller etablert produsent.

Aase (450 15 282) eller Bjørn Tore (957 41 115)

Med hjerte for lokalmat!

Styrk norsk landbruk – nei til metanhemmere



Det er vedteke at norsk sjølvforsyning skal aukast til 50%. Skal dette målet nås inneber det ein vesentleg auke av norsk landbruksproduksjon. Samtidig er det forventa at landbruket skal redusera eit påstått klimaavtrykk med 5000 tonn. Men som forvaltarar av fotosyntesen i skog, på eng og i beite bind norske så mykje karbon at det tilsvarar halvparten av det samlede utslippet til Noreg. Dette naturlege karbonopptaket er eit kraftfullt klimatiltak som ofte blir oversett i klimarekneskapen.

Sjølv om desse tala tilseier at landbruk og skogbruk alt er klimanøytralt er landbruket villige til å bidra ennå meir. Me skal auke matvareproduksjonen og auke karbonbindinga! Viktige verkemiddel for å oppnå dette kan vera:

- Tilskot til drenering
- Premiering av ordningar som bidreg til redusert dieselforbruk, som til dømes slangespreiing og nedfelling av gjødsel
- Meir nøyaktigheit ved gjødsling og sprøyting
- Redusert transport av for og gjødsel
- Auka kalking
- Premiering av redusert plastbruk ved å stimulere til ensilering i silo eller bruk av høytørke

Det føreslåtte pålegget om bruk av syntetiske metanhemmarar er eit blindspor som vil bidra til auka kostnader for bonden. Bruken av slike kjemiske metanhemmarar i norsk husdyrhald er forbundet med usikker effekt, praktiske utfordringar, kostnader for bonden og etiske spørsmål om “tukling med naturen”.

1. Statlege midlar og støtteordningar må ikkje bindast opp til kjemiske metanhemmarar, men heller forfordelast til klimatiltak som:
 - o betre grovfôrqualität og beiteforvaltning
 - o klimatiltak på gardsnivå (jordhelse, karbonbinding, biogass, fornybar energi)
 - o forskning på naturlege og ikkje-kjemiske metanreduserande metodar (t.d. plantebaserte tilsetningar, avl, fôringsstrategiar)
2. All bruk av kjemiske metanhemmarar skal vere frivillig, og basert på dokumentert effekt, tryggleik for dyrehelse og økonomisk kompensasjon for meirkostnader.
3. Før ei eventuell nasjonal innføring må det gjennomførast breie feltforsøk under norske forhold, med offentleggjering av resultat om effekt, kostnader og eventuelle biverknader.
4. Norsk bonde- og småbrukarlag skal tydeleg signalisere at de miner at bonden sjølv skal ha valfridom, og at alternative klimatiltak må prioriterast i offentlege budsjett.

Forslag til vedtak:

